



# NOREGS HØGSTERETT

Den 19. desember 2012 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Matningsdal, Utgård og Bårdsen i

**HR-2012-02383-U, (sak nr. 2012/1857), sivil sak, anke over orskurd:**

A (advokat Thormod Bjerkholt)

mot

B

C

Protector Forsikring ASA (advokat Thomas Myran)

gjort slik

## O R S K U R D :

- (1) Saka gjeld anke over lagmannsrettens orskurd om ikkje å avvise anke som for seint framsett.
- (2) Sarpsborg tingrett sa 27. februar 2012 dom i sak etter avhendingslova med slik domsslutning:
  - "1. Protector Forsikring ASA og B/C dømmes til in solidum og innen 14 dager å betale A prisavslag med kr 358.300,50 –trehundreogfemtiåttetusentrehundrekronerogfemtiøre.
  2. Protector Forsikring ASA og B/C dømmen til in solidum og innen 14 dager å betale A hans sakskostnader med kr 111.599 –etthundreogellevetusenfemhundreognitti – med tillegg for utgifter til fagkyndige meddommere."
- (3) Tingretten sende dommen til forkynning 29. februar 2012. Advokat Bjerkholt vedtok forkynning 1. mars. Den 5. eller 6. mars ringde advokat Myran til tingretten og etterlyste dommen, som følgje av at han hadde vorte kjend med at motparten hadde motteke han. Tingretten sende då dommen på ny til forkynning for advokat Myran. Sendinga var stadfesta motteken på kontoret til advokat Myran 6. mars 2012. På kvitteringa har advokaten skrive at han tidlegast kunne sjå utskrifta den 15. mars grunna "reise/sykdom".
- (4) Protector Forsikring ASA, B og C anka tingrettsdommen. Anken er datert 25. april 2012 og registrert innkomen Sarpsborg tingrett 26. april 2012.
- (5) I tilsvaret til anken kravde A anken avvist som for seint framsett.
- (6) Borgarting lagmannsrett gav 24. september 2012 orskurd med slik slutning:

**"Anken fremmes."**

(7) A har anka orskurden frå lagmannsretten inn for Høgsterett. Det er i korte trekk halde fram at det er uriktig rettsbruk når lagmannsretten kom til at advokat Myran sitt fråver frå kontoret frå 6. mars til 15. mars 2012 kan forskyve utgangspunktet for ankefristen. Det følgjer av klar praksis at ankefristen tek til å løpe på det tidspunktet dommen kjem fram til advokaten sitt kontor. Notoritetsomsyn og omsynet til motparten tilseier eit snevert høve til å forskyve dette utgangspunktet. I dette tilfelle er det ikkje grunnlag for forskyving av fristen.

(8) Det er sett fram slik påstand:

**"Anke av 25.04.2012 avvises."**

(9) Protector Forsikring ASA, B og C har teke til motmæle og i all hovudsak slutta seg til grunngevinga hos lagmannsretten. Det er særleg halde fram at parten har vore lojal i prosessen og sjølv gjort tingretten merksam på at den første utsendinga av dommen ikkje var komen fram. Det er dessutan framheva at parten har handla ut frå tingrettens "utregning" av frist, og at det er sannsynleg at oppfriskning ville blitt gitt.

(10) Det er sett fram slik påstand:

**"Anken avvises."****Saksomkostningsspørsmålet avgjøres etter Tvl. § 20-8 (1)."**

(11) *Høgsteretts ankeutval* viser til at saka gjeld anke over avgjerd teken av lagmannsretten som første instans. Utvalet har då full kompetanse i prøvinga.

(12) Dommen vart send ut til begge prosessfullmektigane 29. februar 2012. Advokat Bjerkholt vedtok forkynning 1. mars. Utvalet viser til at advokat Myran etterlyste dommen hos tingretten straks han hadde vorte kjend med at motparten hadde motteke dommen. Tingretten sende deretter dommen på ny til forkynning for advokat Myran. Advokaten har kvittert for at dommen kom til hans kontor 6. mars. For ankeutvalet har advokat Myran lagt fram kopi av tingrettens forkynningsbrev datert 29. februar som er stempla inn på kontoret hans 6. mars. Utvalet legg denne datoen til grunn som mottaksdato, og går ikkje nærare inn på om det var tale om den første eller den andre oversendinga.

(13) Advokaten opplyste på forkynningsblanketten at han først kunne sjå dommen 15. mars grunna "reise/sykdom". Advokat Myran har opplyst at han den 6. mars var heime med sjukt barn. Elles er det i prosesskrift til lagmannsretten vist til at grunna "møter, kurs og hovedforhandlinger utenbys i de kommende dager, ble ikke dommen mottatt før 15. mars ...".

(14) Utvalet tek utgangspunkt i utvalsavgjerd i Rt. 2008 side 1032 der det mellom anna heiter:

" (10) ... Ved underhåndsforkynnelse gjennom posten, jf. domstoloven § 179, anses dommen i utgangspunktet forkynt den dagen avgjørelsen med forkynnelsesbrev kommer fram til advokatens kontor, se blant annet Rt-1991-1214. Forkynnelsen er bare en bekreftelse på at dommen er mottatt, ikke at den er lest, se Rt-2004-658 avsnitt 19. Det er således uten betydning for når dommen anses forkynt om advokaten har åpnet sendingen fra domstolen, eller lest dommen, etter at den er kommet fram.

--

(13) Fra hovedregelen om forkynnelse når dommen kommer fram til advokatens kontor, gjelder unntak ved kortere heldagsfravær grunnet sykdom, ferie (utenom vanlig ferietid) eller reise, se for eksempel Rt-1998-1842. Fristen løper i disse tilfelle fra tidspunktet for vedtakelsen. I Rt-2004-658 fastslo Høyesterett at utsatt forkynnelse normalt bare aksepteres ved fravær fra kontoret i inntil to dager. I Høyesteretts kjennelse heter det (avsnitt 26):

« Med bakgrunn i den rettspraksis som foreligger, og den utvikling som har funnet sted, er jeg kommet til at utsatt forkynnelse ved heldags kontorfravær normalt ikke bør godtas med mer enn to virkedager regnet fra den dagen dommen eller kjennelsen kommer frem til advokatens kontor. Kommer dommen mandag, kan fristen således forskyves til onsdag. Vedtas forkynnelse på et senere tidspunkt, vil ankefristen måtte regnes fra den dag avgjørelsen kom frem til advokatens kontor. Dette må gjelde uansett fraværets samlede varighet. »

(14) Ved fravær i mer enn to dager skal ankefristen altså regnes fra den dag avgjørelsen kom fram - i vårt tilfelle 1. april 2008.

(15) I Rt-2004-658 framhever Høyesterett behovet for forutberegnlighet og sikkerhet, noe som tilsier at grensen for hvor langt forkynnelsestidspunktet kan utskytes bør være så klar som mulig. Ut fra dette skal det svært mye til for å gjøre unntak fra normalregelen."

- (15) Utvalet tek utgangspunkt i det som her er sagt. Ved avgjerda må det såleis byggjast på at det bør vere ein fast praksis som gir grunnlag for føreseielege løysingar. Utvalet viser til det som er sagt i 2008-avgjerda om at det skal "svært mye til" for å gjere unntak frå normalreglene.
- (16) Etter utvalet sitt syn er fråveret i saka no for langt til at vedtakingstidspunktet blir skote ut i tid. Ut over at dottera var sjuk den eine dagen er det ikkje gitt opplysningar som kan gi grunn til å vurdere avvik frå dei to dagane som er den aksepterte utskytinga av fristen i lys av praksis. Det som er opplyst av advokat Myran, er ikkje anna enn det som ofte vil kunne vere situasjonen i ein advokatpraksis.
- (17) Ankemotparten har opplyst at han hadde kontakt med tingretten, og at han fekk munnleg stadfesta at ankefristen gjekk ut 25. april. Utvalet kan ikkje sjå at dette kan vektleggjast. Dels er det uklart kva som var reist som problem ved spørsmålet og kva faktisk grunnlag svaret vart gitt ut frå. Og dels er det uklart kva svaret gjekk ut på. Avgjerande må det under alle omstende vere at tingretten ikkje under noko omstende kunne lengje ankefristen, jf. Rt. 2008 side 1032 avsnitt 17 med vidare tilvisingar.
- (18) Utvalet er såleis kome til at anken til lagmannsretten vart sett fram for seint.
- (19) Ut frå resultatet sitt med omsyn til ankefristen behandla lagmannsretten ikkje spørsmålet om oppfrisking. Om lagmannsretten hadde kome til at anken var sett fram for seint, skulle spørsmålet om oppreising vore behandla ved same høvet. Utvalet viser til den forståinga av oppfriskingsreglane som er utvikla i praksis, jf. Rt. 2010 side 49, Rt. 2010 side 510 og HR-2012-02208-A. Lagmannsrettens orskurd må etter dette opphevast.

- (20) Ankemotparten, men ikkje ankeparten, har sett fram krav om sakskostnader for Høgsterett. Ut frå utfallet kan ankemotparten ikkje tilkjennast sakskostnader for Høgsterett. Sakskostnadsspørsmålet for lagmannsretten bør avgjerast ved den nye behandlinga der, jf. tvistelova § 20-8.
- (21) Orskurden er samrøystes.

## S L U T N I N G:

1. Lagmannsrettens orskurd blir oppheva.
2. Sakskostnader for Høgsterett blir ikkje tilkjende.
3. Sakskostnader for lagmannsretten blir utsett til den vidare behandlinga av saka.

Karl Arne Utgård  
(sign.)

Magnus Matningsdal  
(sign.)

Arnfinn Bårdsen  
(sign.)

Riktig utskrift: